

Formannskapet sin behandling av sak 60/2023 i møte den 28.11.2023:

Framlegg i møte

Kristi Pedersen
Madsen

Fellesframlegg Høgre og Senterpartiet – budsjett og økonomiplan 2024-2027

1. Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan for åra 2024-2027 med tilhøyrande tekst, og med følgjande endringar:
 - a. Det skal i 2024 lagast plan på innsparing i drift på kr. 2.000.000,- som skal leggjast fram for kommunestyret til budsjetthandsaminga hausten 2024. Dette for å rusta seg for å handtere auke i gjeld i åra som kjem.
 - b. Summen «6.2 Nye bygg og anlegg» til nye omsorgsbustader ved Tysnes omsorgssenter blir ståande. Før ein startar bygging skal det leggjast fram eiga sak til politisk behandling. I denne saka skal det også gjerast ei vurdering av om bustadane vil vere mogleg å utvikle i privat regi.
 - c. I kapittel «6.3 Eksisterande bygg og anlegg» tek ein ut kr. 287.500,- i 2025 frå posten «Oppgradering av grøntanlegg og hovedinngang ved rådhuset»
 - d. I kapittel «6.9 Kommunale vegar» tek ein ut kr. 375.000 i 2026 frå posten «Truck til lasting og lossing i Eredalen»
 - e. Det tas i budsjettet for 2024 inn ei ramme for støtte til Lego League på kr. 100.000. Driftsoverskotet vert justert ned tilsvarande. Tildelinga må skje etter søknad.
 - f. Barnehagane i Tysnes kommune går frå eitt hovudopptak i året til to, med verknad frå 1. januar 2024.
2. Teksttillegg:

Kommunestyret ber om at:

 - a. Det vert lagt fram sak for kommunestyret der etablering av ordning for skulemat vert utgreidd. Saka

skal inkludera fleire alternative løysingar der positive og negative konsekvensar er framlagt. Dette inkluderer, men er ikkje avgrensa til, endring av personell ressursar, plass, økonomi og lengde på skuledagane.

- b. Administrasjonsutvalet sett i gang eit arbeid med vurdering av behovet for auka grunnbemanning i barnehagane for å redusere sjukefråvær og vikarbruk i tenesta. I arbeidet skal også forsøksordning med vikarbank i barnehagane vurderast, der kommunen tilset fleire i faste, fulle stillingar, som ein kan nytta som vikarar ved fråvær.
- c. Administrasjonen kjem tilbake til kommunestyret med ei sak som utgreier korleis tysnesungdomane kan få eit reelt alternativ til kyrkjeleg konfirmasjon i Tysnes kommune.
- d. Administrasjonen utarbeider ein overordna tilstandsrapport av kommunale bygg, som gir kommunestyret moglegheit for å planleggje korleis midlar til vedlikehald på kommunale bygg bør prioriterast.
- e. Administrasjonen kjem tilbake med ei sak som utgreier alternativa for brannstasjon i Tysnes kommune, før midlane som er avsett i budsjett til oppgradering av dagens stasjon vert nytta. Kommunestyret ber om at det i utgreiinga vert gjort greie for kor mykje det vil koste å byggje ein ny brannstasjon, sett opp mot kor mykje det vil koste å gjere dagens brannstasjon om til ein moderne stasjon med dei fasilitetane ein venter etter dagens standard. Saka skal inkludera fleire alternative løysingar der positive og negative konsekvensar blir presentert. Fasilitetar i ny brannstasjon inkluderer, men er ikkje avgrensa til, møte-, kontor- og treningsfasilitetar, tilrettelagt rein og skitten sone, tilrettelagte område for vask av

brannbilar og utstyr, større garasje og tilstrekkeleg tilgang til vatn til brannvesenets bruk.

Skatteøre vert sett lik høgaste sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.

I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 vert det vidareført i 2024 utskriving av eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile Tysnes kommune.

Eigedomsskattesatsen er for 2024 på 3 promille for alle eigedomar.

Det vert ikkje innført botnfrådrag for bustaddelen av eigedommar som ikkje vert nytta til næringsverksemd i 2024.

I medhald av eigedomskatteloven § 7 bokstav b vert bygning som har historisk verdi fritatt for eigedomsskatt. Nyoppført bygning som heilt eller delvis vert brukt som bustad vert fritatt etter eigedomskatteloven § 7 bokstav c i 5 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Også tidlegare vedtekne fritak etter eigedomsskattelova § 7 bokstav a vert vidareført.

Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar.

Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter, rammer og retningslinjer.

Kommunestyret vedtek satsar for gebyr og avgifter i Tysnes kommunemed verknad frå 1. januar 2024 og elles slik det går fram av følgjande vedlegg:

- a. Betalings- og husleigesatsar, opphaldsutgifter – Helse- og sosial 2024
- b. Betalingssatsar – oppvekstsektoren 2024
- c. Gebyrregulativ for området Landbruk og teknisk 202

Kommunestyre gjer vedtak om opptak av lån i samsvar med investeringsplan for 2024. Lån på 49.323.911 mill. vert teke opp med 30 års nedbetalingstid.

Kommunestyre gjer vedtak om opptak av lån i til vidarelån i samsvar med Husbanken sine ordningar for startlån tilsvarende kr. 12 mill for 2024. Lån på 12 mill. vert teke opp med 30 års nedbetalingstid.

Framlegg til vedtak frå Ap, Frp, INP, SV og Krf

Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan slik den ligg foreslått frå rådmannen, med følgjande endringar:

1. Innkjøp av innbu og møblar er lagt inn i budsjett med kr. 763 518,- for 2024. Rådmannen blir oppmoda om å kjøpe brukt inventar, og dermed redusere både klimaavtrykk og budsjett. Ein ser for seg ei innsparing på minst kr. 150 000,-.
2. Investering i ENØK-tiltak i eksisterande bygg på kr. 1 700 000,- for 2024, må kunne forventast å gje ei innsparing på opp mot 5% av totalforbruk Kwh. Utgifter til straum er budsjettert til kr. 5 562 786,- for heile kommune, og kommunestyret legg opp til ei innsparing på rundt kr. 300 000,-. Kommunestyre ber om at det kvart år framover blir lagt fram ein energirekneskap i samband med budsjettframlegget.
3. Støtte til Tysnesfest på kr. 350 000,- (netto) blir gitt med vilkår om at tilskotet skal brukast til å betale frivillige lag og organisasjonar for dugnadsarbeid. Er det overskytande beløp etter at dei frivillige er betalt, kan dette disponerast fritt av festivalleinga.
4. Kr. 200 000,- til næringsutvikling og næringsamlingar. Kommunestyret ber rådmannen leggje fram ei sak om medlemskap i Invest in Sunnhordaland, og moglege supplerande finansieringskjelder til medlemskontingenten på kr. 150 000,-. I tillegg vil ein arrangere næringsamlingar i samarbeid med Tysnes næringsråd og setter av kr. 50 000,- til dette.
5. Tysnes kommune støtter First Lego League Sunnhordland 2024 med kr. 100 000,- til gjennomføring av arrangementet på Tysnes. Tilskotet førast på næringsutvikling, då arrangementet er meint som eit ledd i rekrutteringsarbeid til kommunen og regionen.
6. Avtale om turistinformatjon har ikkje vore auka på nokre år, medan prisauken har vore stor. Summen blir auka frå kr.

80 000,- til kr. 100 000,- pr. år. Kommunestyret ber om at innretninga på turistinformasjonen blir handsama i eigen sak, der spesielt forholdet mellom fysisk og digital turistinformasjon blir greidd ut.

7. Støtta til kulturvern hevast til same nivå som fram til 2022; kr. 100 000,-. I 2023 vart tilskotet satt ned til kr. 60 000,-, med ei ytterlegere reduksjon, til kr. 50 000,-, føreslått for 2024.
8. Kommunestyret aukar løyvingane til Sunnhordland museum og det «Nye Sunnhordlandstunet» med kr. 23.540 per år over 20 år, jf. PS 56/2023.
9. Kommunestyret aukar tilskotet til Kulturløo på Drange med kr. 10 000,- pr. år, til kr. 30 000,-, jf. PS. 59/2023.
10. Kommunestyret ber rådmannen gjere ei forstudie på gang- og sykkelveg Uggdal-Våge, der ein samstundes ser på vatn og avløp og klargjering av næringsareal på strekninga. Det vert sett av kr. 200 000,- i budsjettet til dette arbeidet. Tysnes kraftlag AS har i 2023 satt av kr. 500 000,- til prosjektet. Rådmannen får i oppgåve å gå i dialog med Vestland fylke om å finansiere dei siste 300 000,- slik at ein får full utteljing for tilskotet frå Tysnes kraftlag AS.
11. Ny stilling på lønn blir ikkje innført i 2024. Kommunestyret ber rådmannen sjå på om oppgåva kan løysast innan eksisterande stab i administrasjon/fellesteneste, eller om digitaliseringar eller andre forenklingar av system kan gjere det enklare å ha ei reserveløysing ved sjukdom eller annan vakanse. Ny vurdering blir gjort i samband med budsjett for 2025. Det blir lagt inn kr. 400 000,- til kjøp av konsulenttenester på lønn for 2024.

Endringer på **INVESTERINGAR I ØKONOMIPLANPERIODEN**
med utgangspunkt i rådmannen sitt framlegg.

6.2 NYE BYGG OG ANLEGG:

Eldrebustader/sjukeheimsplassar: Nye omsorgsbustader ved Tysnes omsorgssenter vert omdøpt til eldrebustader/sjukeheimsplassar. Det vert lagt inn 1.500.000,- i 2026 og 20.000.000,- i 2027, totalt 21.500.000,- i økonomiplanperioden 2024-2027.

Stjernereiso barnehage: Det vert lagt inn 500.000,- til Stjernereiso barnehage i 2024 og 25.000.000,- i 2027, totalt 25.500.000,- i økonomiplanperioden 2024-2027.

Utviding og oppgradering Uggdal skule: Det vert lagt inn 500.000,- til utviding og oppgradering av Uggdal skule i 2024 og 10.000.000,- i 2025,-, totalt 10.500.000,- i økonomiplanperioden 2024-2027.

Gang og sykkelveg Våge-Uggdal: Det vert lagt inn 500.000,- til gang og sykkelveg Våge-Uggdal, vatn og avløp og næringsareal i 2024.

Nytt basseng: Det vert lagt inn 1.500.000,- til nytt basseng i 2024, 75.000.000,- i 2025 og 75.000.000,- i 2026, totalt 151.500.000,- i økonomiplanperioden 2024-2027.

Forprosjekt skulebruksplan samt 1-4 skule på Gjerstad og ombygging av Uggdal skule til barnehage vert teke ut av investeringsplanen.

6.3 EKSISTERANDE BYGG OG ANLEGG:

Utviding kontorkapasitet rådhuset: Det vert lagt inn totalt 1.200.000,- i 2024.

Påbygg Vågsmarka barnehage: Det vert lagt inn totalt 3.000.000,- i 2025.

Utviding Tysnes omsorgssenter: Det vert lagt inn totalt 1.000.000,- i 2025.

Oppgradering av grøntanlegg og hovudinngang ved rådhuset: Det vert lagt inn totalt 300.000,- i 2024.

Rehabilitering av symjehallen vert teke ut av investeringsplanen.

6.5 EIGEDOM, BUSTAD OG NÆRING

Oppgradering av kommunale omsorgsbustader: Det vert lagt inn 2.000.000,- årleg til oppgradering av kommunale omsorgsbustadar i økonomiplanperioden 2024-2027, totalt 8.000.000,-.

6.6 ENKELTKJØP OG ANDRE INVESTERINGAR

Brannbåt: Det vert sett av 1.625.000,- til innkjøp av brannbåt i 2024.

6.9 KOMMUNALE VEGAR

Trafikksikring etter trafikksikringsplanen: Det vert lagt inn 1.000.000,- årleg i økonomiplanperioden 2024-2027, totalt 4.000.000,-.

Etablering og oppgradering av kantsikring på kommunale vegar: Det vert lagt inn 1.875.000,- i 2024, deretter 2.000.000,- årleg i perioden 2025-2027, totalt 7.875.000,- i økonomiplanperioden 2024-2027.

Kommentar til investeringar i økonomiplanperioden 2023-2027

Fordi inga prosjekt i tilstrekkeleg grad er utgreidd, er det umogleg å gjere kvalifiserte kostnadsoverslag. Økonomiplanen gjev soleis ei peikepinn på kva for bygg ein i desember 2023 vil prioritera høgast. Dette bilete kan endra seg vesentleg når utgreiingar, tilstandsrapportar og forprosjekt blir presentert for kommunestyret.

Nye bygg og anlegg

Eldrebustadar/omsorgsbustadar/sjukeheimsplassar.

Kommunestyret bestiller ei forstudie av kva for behov kommunen vil ha framover som følgje av demografiutviklinga. Det mest sentrale spørsmålet er kva for type bustadar ein treng mest i kommunen.

Tysnes kraftlag har satt av kr. 500 000,- til forprosjekt Våge-Uggdal. Tysnes kommune speglar dette tilskotet.

Stjernereiso barnehage

Kommunestyret ber om at det blir gjort ei byggteknisk tilstandsrapport som blir lagt fram for tenesteutvalet første halvår 2024. På bakgrunn av resultatane, vil det bli gjort ei vurdering opp mot eit forprosjekt og år for byggestart. Totalkost. 50 mill. førebels planlagt 2027/2028.

Uggdal skule

Kommunestyret ber om at det blir satt i gang eit forprosjekt for å greie ut ulike løysingar for å oppgradere Uggdal skule med garderobefasilitetar for både lærarar og elevar. Vidare at det blir utgreidd behov for praktiske rom, som til dømes sløydsal og kunst- og handtverksrom. Det må også greiast ut behovet for arbeidsplassar for lærarar, møterom og toalettfasilitetar for personalet.

Investering basseng

150 mill.

-30 mill. moms

-30 mill. spelemidler

-40 mill. eksternfinansiering

Sum kommune: 50 mill.

Eksisterande bygg og anlegg

Reduksjon i utvidinga av kontorkapasitet Rådhuset med kr. 500 000,-. Sikkerheitstiltak/ombygging hos NAV må prioriterast.

Auke i tilskot til Vågsmarka påbygg med kr. 1 750 000,- til kr. 3 mill., med føresetnad av at det gjev seks nye plassar i Våge.

Oppgradering av grøntanlegg framfor rådhuset flyttast til 2024.

Kommunestyret ber om at arbeidet blir gjort i samarbeid med Dagsenteret for psykisk utviklingshemma, for å imøtekomme deira behov for uteplass og uteaktivitet.

Eigedom, bustad og næring

Oppgradering av kommunale bustader: auke frå 1 mill. til 2. mill. pr. år. Spesielt ber ein om at gamle leilegheiter, inngangsparti og fasilitetar for dei tilsette i Haugen bufellesskap blir høgt prioritert.

Merknad kjøp av grunn: ikkje avgrensa til Sjevågen.
Kommunestyret ber om ei sak der planane for Sjevågen vert utgreidd og presentert.

Enkeltinnkjøp og andre investeringar

Flytte innkjøp av brannbåt frå 2025 til 2024

Kommunale vegar

Trafikksikring etter trafikksikringsplanen aukast med kr. 2 mill. til kr. 4 mill. i perioden.

Kantsikring reduserast med kr. 900 000,- i perioden.

Tekstframlegg til budsjett 2024 og økonomiplanperioden 2024-2027

Dersom det vert ei auke i talet på sakar til barnevernet, skal kommunestyret informerast og ein skal gjere ei vurdering på å tilsette i den vakante stillinga.

Kommunestyret ber rådmannen gjere greie for situasjonen rundt tilbodet til dei som treng heimesjukepleie på natt, og om bemanninga bør aukast i denne tenesta. Utgreiinga bør også innehalde eit forslag til løysing, dersom det visar seg at situasjonen gjev eit for dårleg tilbod til dei heimebuande pasientane.

Tysnes kommune innfører funksjonar som demenskoordinator og SLT-koordinator i den nye eininga for førebygging. Innføringa av funksjonane vil ikkje ha nokon innverknad på budsjettet.

Kommunestyret ber om ei utgreiing der kravet til grunnbemanning blir satt opp mot bemanninga i barnehagane gjennom barnehagedagen. Spesielt gjeld dette høve til å ta ut den planleggingstida ein skal ha, eller om det er naudsynt å ha andre ordningar for skjerming av plantida og auka bemanning i desse timane.

Kommunestyret ber rådmannen gjere greie for korleis lovkravet om å knytte til seg psykolog blir ivareteke, og kva for konsekvensar det har at Tysnes kommune ikkje har tilsett eigen psykolog.

Kommunestyret ber om at søknad om spelemidler til ballbinge og eventuelle aktivitetsapparat til uteområdet på Uggdal skule, vert forberedt til sak om prioritering av spelemiddelsøknadar og budsjett for 2025.

Kommunestyret ber rådmannen i løpet av 2024 og før budsjettframlegg for 2025, greie ut om behovet for auke av bemanninga i Frivilligsentralen, sett opp mot handlingsplanen for Leve heile livet og rekruttering av frivillige til oppgåver i helsesektoren.

Kommunestyret ber om at det blir informert før budsjetthandsaminga for 2025 om dei høge eigenandelane i Kulturskulen gjer at elevar ikkje har råd til å delta. I tillegg ønskjer kommunestyret informasjon om kva for ordningar som finns for å hjelpe desse familiane og korleis dei blir kommunisert ut når ein lyser ut ledige plassar.

Gebyr: Kommunestyret ber rådmannen komme med ei rapport på om prisen på tryggleiksalarmer gjer at enkelte vanskelegstilte ikkje har råd til å ha alarm, og kva konsekvensar det eventuelt kan få. Dersom det er nokon som skulle hatt tryggleiksalarm, men som ikkje har råd til å leige, korleis kunne dette vore løyst?

Det finnes eit statleg tilskot til drenering og grøfting av innmark, som alle bønder kan søkje på. Det er faste satsar på kor mykje tilskot du få om søknaden blir godkjent av landbrukskontoret.

Tysnes bør som fleir andre kommunar innføre eit tilskot på toppen. Kommunestyret ber om at det blir utgreidd korleis eit slikt tilskot kan innrettast, med siktemål om ei innføring frå 2025.

Dersom det er vanskeleg å få søkjarar til stillingar som ikkje er heile stillingar, skal rådmannen leggje fram sak for kommunestyret med tanke på å auke stillingsprosenten til 100 %.

Dersom det skal kjøpast inn el-bilar til erstatning for dagens kulturbussar så bør alternative løysningar vurderast i ei eiga sak. Det ligg høve til å dispensere frå «Forskrift om utslippskrav til kjøretøy ved offentlig anskaffelse til veitransport» §4b i forskrifta, dersom tilstrekkeleg ladestruktur ikkje er tilgjengeleg.

Kommunestyret ber om ei sak der kommunens planar for utvikling av Sjevågen vert utgreidd og presentert.

Skatteøre vert sett lik høgaste sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.

I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 vert det vidareført i 2024 utskriving av eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile Tysnes kommune.

Eigedomsskattesatsen er for 2024 på 3 promille for alle eigedomar.

Det vert ikkje innført botnfrådrag for bustaddelen av eigedommar som ikkje vert nytta til næringsverksemd i 2024.

I medhald av eigedomskatteloven § 7 bokstav b vert bygning som har historisk verdi fritatt for eigedomsskatt. Nyoppført bygning som heilt eller delvis vert brukt som bustad vert fritatt etter eigedomskatteloven § 7 bokstav c i 5 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Også tidlegare vedtekne fritak etter eigedomsskattelova § 7 bokstav a vert vidareført.

Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar.

Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter, rammer og retningslinjer.

Kommunestyret vedtek satsar for gebyr og avgifter i Tysnes kommunemed verknad frå 1. januar 2024 og elles slik det går fram av følgjande vedlegg:

- a. Betalings- og husleigesatsar, opphaldsutgifter – Helse- og sosial 2024
- b. Betalingssatsar – oppvekstsektoren 2024
- c. Gebyrregulativ for området Landbruk og teknisk 2024

Kommunestyre gjer vedtak om opptak av lån i samsvar med investeringsplan for 2024. Lån på 51.065.911,- mill. vert teke opp med 30 års nedbetalingstid.

Kommunestyre gjer vedtak om opptak av lån i til vidarelån i samsvar med Husbanken sine ordningar for startlån tilsvarende kr. 12 mill. for 2024. Lån på 12 mill. vert teke opp med 30 års nedbetalingstid.

Behandling

Fellesframlegg Høgre og Senterpartiet – budsjett og økonomiplan 2024-2027

Framlegg frå Kristi Pedersen Madsen (H).

Rådmannen har nok ein gong lagt fram eit gjennomarbeida budsjett og ein økonomiplan som er både framtidsretta og ambisiøs. Budsjettet som er lagt fram følgjer opp politiske bestillingar med store investeringar i kommunens born og unge, støtte til frivilligheita og kulturtilbod, utvikling av byggefelt og nye omsorgsbustader som blir nødvendig for å møte demografiutviklinga framover. Samstundes gler det oss å sjå eit stort fokus på vegoppgraderingar og trafikksikringstiltak. Budsjettframlegget frå rådmann legg opp til positivt netto driftsresultat, men viser samstundes at det kan komme trongare tider i åra som kjem. Dette er viktig at me har eit bevisst forhold til, når det ligg mange naudsynte investeringar også i økonomiplanane framover.

Tysnes kommune har dei seinare åra hatt god økonomi, og god økonomistyring. Kommunen har henta inn gode pengar frå høge skatteinntekter og frå Havbruksfondet, men me har også brukt midlane forsvarleg. Me har prioritert store nedbetalingar på låna våre og vedlikehaldsetterslep på vegar og bygg. Dette har resultert i at me dei siste åra har fått gjennomført fleire store investeringar, samtidig som me er godt rusta til å gjera investeringar også framover.

Dei neste åra ser me det blir naudsynt med noko høgare låneopptak enn det me har i dag. Det er eit mål for alle kommunar å ha så låg gjeldsgrad som mogleg, og helst halde seg under 100% over tid. Samstundes er det ikkje gjeldsgraden åleine som er avgjerande for kommunane sin evne til å betena gjelda si. Til dømes er investeringar i byggjefelt og omsorgsbustader eksempel på investeringar der kommunen får inntekter i åra etter prosjekta står ferdig, som dermed er med å finansiere investeringane. Det same gjeld investeringar som ENØK-tiltak i eksisterande bygg, som gjennom rapportar visar at dei har særskilte korte innsparingstider og oppussing av kommunale omsorgsbustader som i dag står tomme, men som med oppgradering til dagens standard på ny vil kunne bli attraktive å flytte inn i. Likeins med investeringar som statleg sikring Peralio og aktivitetspark ved Kyrkjvatnet, som begge er med i den totale investeringsoversikta – samstundes som prosjekta i realiteten er fullfinansierte. På bakgrunn av dette vil det ikkje vere uforsvarleg av kommunestyret å aksepterer at ein over ein kortare periode ligg over 100% i gjeldsgrad så lenge dette ikkje har vesentlege følgjer for drifta, og så lenge me held fram med å prioritere nedbetaling av lån for å komme oss ned til under 100% så fort det lar seg gjere.

Samstundes har me med oss at budsjettet for 2024 er prega av at det framleis ligg store og viktige avgjersler framfor oss som kommunen har avgrensa påverknad på. Mest avgjerande

er sannsynlegvis det nye inntektssystemet, som etter det me har fått høyre så langt, ikkje vil bety gode nyheiter for Tysnes kommune sin økonomi. Me ser også dei økonomiske konsekvensane av nasjonale tiltak, som redusert maksimal pris i barnehagane og utviding av gratis kjernetid i SFO, der kompensasjonen kommunen får frå nasjonalt hald ikkje dekker utgiftene tiltaka fører med seg lokalt. Dei to tiltaka er sjølv sagt svært gode tiltak for barnefamiljar, men det er likevel svært skuffande å sjå at me som kommune ikkje blir kompensert som fyrst førespegla for desse nasjonale tiltaka. Heldigvis er dei overordna trekk likevel gode! Og me har god grunn til å vere nøgd og takknemleg i kommunen vår, når me ser korleis Tysnes skiljer seg positivt ut frå store delar av landets kommunar. Der store kutt i kommunale tilbod og investeringsplanar har dominert nyheitsbiletet dei siste åra i kommunane rundt oss, har Tysnes kommune kunne vekse og utvikle gode tenester og tilbod for innbyggjarane i heile kommunen vår. Det er noko me får utbytte av no og som me definitivt vil fortsetje å få stort utbytte av framover!

Endringsforslag

Fyrste punkt i framlegg til budsjettvedtak er ei bestilling til rådmann om å sjå på innsparingar i drifta. Tysnes kommune har over fleire år hatt god økonomi, og god vekst i inntekter. I takt med dette har ein også auka driftsutgiftene betraktelig. I budsjettbehandlinga i 2022 var ei likande bestilling til rådmann med i budsjett, som også vart følgt opp. På bakgrunn av at Tysnes dei siste åra har vore gjennom fleire omorganiseringar i drifta, som ein ventar vil gi erfaringar i tida framover, både i forhold til kva som fungerer godt og kva som kunne fungert betre, ser me det difor som heilt naturleg at rådmann går gjennom drifta til kommunen på ny, og ser om organisasjonen me har i dag er dimensjonert rett. Me ser ikkje at kommunestyret har godt nok grunnlag for å peike på enkeltområde der ein kan sjå innsparingar i dette budsjettet, og meiner dette er eit arbeid som må gjerast på ein måte som er mindre tilfeldig enn det kommunestyret har forutsetningar for å gjere på noverande tidspunkt. Det ligg difor inne ei bestilling til rådmannen om å leggja fram sak om dette til kommunestyret neste haust. Kommunestyret vedtok også i fjor ein ambisiøs økonomiplan for 2023-2026. Nokon av dei største investeringane framover er ferdigstilling av barnehagen på Onarheim, dei nye omsorgsbustadane ved Tysnes omsorgssenter, nytt bustadfelt på Sauabakkane, utbetring av det eksisterande eller heilt nytt bassengbygg, samt midlar til å følge opp skulebruksplanen som vart politisk avgjort i 2021. I tillegg til dette ligg det inne fleire andre mindre og større investeringar som er naudsynte.

Eit av dei fyrste store prosjekta som er planlagt framover er dei nye omsorgsbustadane ved Tysnes omsorgssenter. Kommunestyret ynskjer eigen sak om prosjektet til politisk behandling i løpet av fyrste halvår av 2024. Dette blir sett på som ei stor og naudsynt investering, og det er difor viktig at prosjektet blir forankra politisk i sak som viser behovet for

leilegheitene, driftsfordelar med prosjektet og vurdering av korleis dette passar inn i Tysnes sin langsiktige strategi i eldreomsorga. Denne saka ser me også behovet for at blir sett i samanheng med rullering av kommunen sin bustadsosiale handlingsplan.

I rådmannen sitt framlegg er det tatt med 2 millionar til forprosjekt og 90 millionar til oppfølging av skulebruksplanen i denne økonomiplanperioden. Skulebruksplanen behandla ein politisk i 2021, og me ynskjer å følgje planen opp som den ligg føre. Det er difor lagt inn midlar til forprosjekt og planlegging for ny småskule på Gjerstad og ombygging av Uggdal skule til barnehage. Det er også lagt inn andre midlar i investeringsplanen i tråd med oppfølging av skulebruksplanen, som kjem i tillegg til dei nemnte summene. Uavhengig av fleirtal for 1.-10- skule i kommunestyret i dag, er det slik at det uansett må gjennomførast store investeringar innanfor skule og barnehage i åra som kjem. Difor er det viktig at det nye kommunestyret allereie no peikar ut ein klar retning for den komande perioden, og at me sikrar at me rustar oss godt for desse investeringane som me veit kjem i åra framover. I dette ligg det mellom anna ein klar forventning til at kommunestyret gjer seg grundige vurderingar og diskusjonar før ein tar inn nye og svært omfattande investeringar i økonomiplanperioden, som til dømes nytt bassengbygg.

Gjennom høyringsrunden til skulebruksplanen var det tydeleg at hverken skulebygget i Uggdal eller barnehagen på Reiso held dei standarane ein ynskjer for born og tilsette. Kommunestyret må ta desse innspela på alvor, og me er difor opptatt av at desse prosjekta får særleg høg prioritet i denne økonomiplanen. Dette er viktig når ein veit kor utbetringane hastar for både skulen som treng eit moderne skulebygg og for det midlertidige barnehagebygget på Reiso beståande av brakker som vart satt opp i 2012 med eit planlagt bruksperspektiv på 5 år.

Det var vore sett av pengar til oppgradering av bassengbygget på Gjerstad i økonomiplanen over fleire år, og ein har dei siste åra sett at nybygg sannsynlegvis vil vere eit godt alternativ til rehabilitering. Det er likevel svært viktig å få dei ulike alternativa godt utgreidd og debattert før dei vert avgjort politisk, med tanke på at kostnadane vil ha stor innverknad på kommunes økonomiske handlerom i tiår framover – ikkje berre med tanke på investeringskostnaden men også med tanke på ein betydeleg driftskostnad. Med tanke på investeringane som allereie er utgreidd og igangsett og prosjektkapasiteten til administrasjonen, vil det uansett vere urealistisk å sette i gang bygging av eit nytt bassengbygg i løpet av det neste året. Til det er avklart kva ordning kommunestyret veljer for basseng, beheld ein dei 16 millionane i økonomiplanen til oppgradering i denne omgang. Summen vil naturlegvis stige ved nybygg, men ettersom kommunestyret ikkje har behandla sak om bassengbygg og driftsmodell ennå, vil det verte unaturleg å konkretisere investeringa i større grad i årets budsjett.

I haust fekk ein sjå First Lego League Sunnhordland arrangert på Tysnes – eit arrangement til stor glede og begeistring. Etter arrangementet fekk ein høye frå arrangør som var svært

innstilt på ein ny runde med First Lego League til neste år, men som ytra behov for både sponsorar og frivillige for å få det til. Frå kommunen si side bør gode initiativ som dette støttes opp under, og kommunestyret ynskjer å signalisere støtte til prosjektet i fortsettelsen. Det tas i budsjettet for 2024 difor inn ei ramme for støtte til Lego League på kr. 100.000. Tildelinga må skje etter søknad.

I forbindelse med budsjettbehandling i fjor, vart det lagt fram frå rådmann at det kunne vere trong for å skjerpa inn rutinar for opptak i barnehagane, for å sikra ein meir føreseieleg og styrt ressursituasjon. Det vart på tidspunktet førespegla at endringa ikkje ville føre til store endringar i praksis, og at ordninga framleis ville vere fleksibel. Resultatet ein har sett dette året, er at endringa har vorte meir inngripande enn tiltenkt og at det som følge av ordninga i dag er foreldre som berre får tilbod om barnehageplass svært langt frå heim og arbeidsplass. Ein ser også at ordninga blir spesielt problematisk dersom det er større tilflytting enn venta i løpet av barnehageåret, som t.d. når kommunen busetjar flyktningar med trong for barnehageplass. Det er grunn til å tru at same behov for meir fleksibelt system vil gjere seg gjeldande også framover, og kommunestyret ynskjer difor å endre rutinane for opptak. Kommunestyret ynskjer difor å innføre to hovudopptak – eit opptak med søknadsfrist 1. februar for oppstart 1. august, og eit opptak med søknadsfrist 1. september for oppstart 1. januar. Ein ynskjer framleis å ha open moglegheita for å vurdere søknadar som kjem inn etter søknadsfristane etter kvart, dersom det er ledige plassar i barnehagane. Kommunestyret behandlar eventuelle meirutgifter ved tiltaket i neste budsjettbehandling, ettersom det ekstra opptaket ikkje vil ha søknadsfrist før i september, med oppstart januar 2025.

I tillegg til endringar i budsjett og økonomiplan har kommunestyret lagt til 5 teksttillegg. Det fyrste er ei bestilling på utgreiing til politisk behandling for mogleg etablering av ordning for skulemat. I denne utgreiinga ynskjer ein at administrasjonen kjem med fleire alternative løysingar, der positive og negative konsekvensar vert framlagt.

Andre punkt er ei bestilling på sak til administrasjonsutvalet, med vurdering av behov for auka grunnbemanning i barnehagane for å redusere sjukefråværet og vikarbruk i tenesta. I dette arbeidet ber kommunestyret også om at det vert sett på moglegheita for å få til ei forsøksordning med vikarbank i barnehagane, der kommunen tilset fleire vikarar i faste og fulle stillingar som dei ulike barnehagane kan nytta seg av ved fråvær.

Tredje punkt er ei bestilling på sak som gir kommunestyret oversikt over korleis kommunen kan tilby eit reelt alternativ til kyrkjeleg konfirmasjon til dei unge i Tysnes.

Det fjerde punktet er ei bestilling for å få på plass ein overordna tilstandsrapport av alle kommunale bygg, som gir kommunestyret moglegheit til å planlegge korleis midlar til vedlikehald av kommunale bygg bør prioriterast. På denne måten kan det gjerast eit meir

systematisk vedlikehaldsarbeid, og ein har sett liknande verktøy fungere svært bra når det gjeld veg – der kommunestyret ved til dømes utbetalingar frå Havbruksfondet, enkelt har kunne prioritere kommunalt vegetterslep, ettersom prioriteringslista ligg klar og midlane kan brukast på ein effektiv og treffsikker måte.

Det femte punktet er ei bestilling som går på at administrasjonen skal komme tilbake til kommunestyret med ei sak som gjer greie for kor mykje det vil koste å bygge ny brannstasjon sett opp mot kor mykje det vil koste å gjere dagens brannstasjon om til ein moderne stasjon med dei fasilitetane ein ventar etter dagens standard.

Framlegg til budsjett frå Ap, INP, SV, FrP og KrF

Ordførar Synnøve Bakke (Ap) låg fram sitt konkrete framlegg til endring med utgangspunkt i rådmannen sitt budsjettforslag.

Votering:

Ordføraren sette fram framlegg til vedtak frå Ap, INP, SV, KrF og FrP og framlegg til vedtak frå H og Sp til votering.

Framlegg frå H og Sp fekk 3 røyster.

Framlegg frå Ap, INP, SV, KrF og Frp fekk 4 røyster.

Vedtak

FLEIRTALSFRAMLEGG FRÅ AP, INP, SV, FRP og KRF:

Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan slik den ligg foreslått frå rådmannen, med følgjande endringar:

1. Innkjøp av innbu og møblar er lagt inn i budsjett med kr. 763 518,- for 2024. Rådmannen blir oppmoda om å kjøpe brukt inventar, og dermed redusere både klimaavtrykk og budsjett. Ein ser for seg ei innsparing på minst kr. 150 000,-.
2. Investering i ENØK-tiltak i eksisterande bygg på kr. 1 700 000,- for 2024, må kunne forventast å gje ei innsparing på opp mot 5% av totalforbruk Kwh. Utgifter til straum er budsjettert til kr. 5 562 786,- for heile kommune, og kommunestyret legg opp til ei innsparing på rundt kr. 300 000,-. Kommunestyre ber om at det kvart år framover blir lagt fram ein energirekneskap i samband med budsjettframlegget.
3. Støtte til Tysnesfest på kr. 350 000,- (netto) blir gitt med vilkår om at tilskotet skal brukast til å betale frivillige lag og organisasjonar for dugnadsarbeid. Er det overskytande beløp etter at dei frivillige er betalt, kan dette disponerast fritt av festivalleinga.
4. Kr. 200 000,- til næringsutvikling og næringsksamlingar. Kommunestyret ber rådmannen leggje fram ei sak om medlemskap i Invest in Sunnhordaland, og

moglege supplerande finansieringskjelder til medlemskontingenten på kr. 150 000,-. I tillegg vil ein arrangere næringsssamlingar i samarbeid med Tysnes næringsråd og setter av kr. 50 000,- til dette.

5. Tysnes kommune støtter First Lego League Sunnhordland 2024 med kr. 100 000,- til gjennomføring av arrangementet på Tysnes. Tilskotet førast på næringsutvikling, då arrangementet er meint som eit ledd i rekrutteringsarbeid til kommunen og regionen.
6. Avtale om turistinformasjon har ikkje vore auka på nokre år, medan prisauken har vore stor. Summen blir auka frå kr. 80 000,- til kr. 100 000,- pr. år. Kommunestyret ber om at innretninga på turistinformasjonen blir handsama i eigen sak, der spesielt forholdet mellom fysisk og digital turistinformasjon blir greidd ut.
7. Støtta til kulturvern hevast til same nivå som fram til 2022; kr. 100 000,-. I 2023 vart tilskotet satt ned til kr. 60 000,-, med ei ytterlegere reduksjon, til kr. 50 000,-, føreslått for 2024.
8. Kommunestyret aukar løyvingane til Sunnhordland museum og det «Nye Sunnhordlandstunet» med kr. 23.540 per år over 20 år, jf. PS 56/2023.
9. Kommunestyret aukar tilskotet til Kulturløo på Drange med kr. 10 000,- pr. år, til kr. 30 000,-, jf. PS. 59/2023.
10. Kommunestyret ber rådmannen gjere ei forstudie på gang- og sykkelveg Uggdal-Våge, der ein samstundes ser på vatn og avløp og klargjering av næringsareal på strekninga. Det vert sett av kr. 200 000,- i budsjettet til dette arbeidet. Tysnes kraftlag AS har i 2023 satt av kr. 500 000,- til prosjektet. Rådmannen får i oppgåve å gå i dialog med Vestland fylke om å finansiere dei siste 300 000,- slik at ein får full utteljing for tilskotet frå Tysnes kraftlag AS.
11. Ny stilling på lønn blir ikkje innført i 2024. Kommunestyret ber rådmannen sjå på om oppgåva kan løysast innan eksisterande stab i administrasjon/fellesteneste, eller om digitaliseringar eller andre forenklingar av system kan gjere det enklare å ha ei reserveløysing ved sjukdom eller annan vakanse. Ny vurdering blir gjort i samband med budsjett for 2025. Det blir lagt inn kr. 400 000,- til kjøp av konsulenttenester på lønn for 2024.

Endringar på **INVESTERINGAR I ØKONOMIPLANPERIODEN** med utgangspunkt i rådmannen sitt framlegg.

6.2 NYE BYGG OG ANLEGG:

Eldrebustader/sjukeheimsplassar: Nye omsorgsbustader ved Tysnes omsorgssenter vert omdøpt til eldrebustader/sjukeheimsplassar. Det vert lagt inn 1.500.000,- i 2026 og 20.000.000,- i 2027. totalt 21.500.000,- i økonomiplanperioden 2024-2027.

Stjernereiso barnehage: Det vert lagt inn 500.000,- til Stjernereiso barnehage i 2024 og 25.000.000,- i 2027, totalt 25.500.000,- i økonomiplanperioden 2024-2027.

Utviding og oppgradering Uggdal skule: Det vert lagt inn 500.000,- til utviding og oppgradering av Uggdal skule i 2024 og 10.000.000,- i 2025,-, totalt 10.500.000,- i økonomiplanperioden 2024-2027.

Gang og sykkelveg Våge-Uggdal: Det vert lagt inn 500.000,- til gang og sykkelveg Våge-Uggdal, vatn og avløp og næringsareal i 2024.

Nytt basseng: Det vert lagt inn 1.500.000,- til nytt basseng i 2024, 75.000.000,- i 2025 og 75.000.000,- i 2026, totalt 151.500.000,- i økonomiplanperioden 2024-2027.

Forprosjekt skulebruksplan samt 1-4 skule på Gjerstad og ombygging av Uggdal skule til barnehage vert teke ut av investeringsplanen.

6.3 EKSISTERANDE BYGG OG ANLEGG:

Utviding kontorkapasitet rådhuset: Det vert lagt inn totalt 1.200.000,- i 2024.

Påbygg Vågsmarka barnehage: Det vert lagt inn totalt 3.000.000,- i 2025.

Utviding Tysnes omsorgssenter: Det vert lagt inn totalt 1.000.000,- i 2025.

Oppgradering av grøntanlegg og hovudingang ved rådhuset: Det vert lagt inn totalt 300.000,- i 2024.

Rehabilitering av symjehallen vert teke ut av investeringsplanen.

6.5 EIGEDOM, BUSTAD OG NÆRING

Oppgradering av kommunale omsorgsbustader: Det vert lagt inn 2.000.000,- årleg til oppgradering av kommunale omsorgsbustadar i økonomiplanperioden 2024-2027, totalt 8.000.000,-.

6.6 ENKELTKJØP OG ANDRE INVESTERINGAR

Brannbåt: Det vert sett av 1.625.000,- til innkjøp av brannbåt i 2024.

6.9 KOMMUNALE VEGAR

Trafikksikring etter trafikksikringsplanen: Det vert lagt inn 1.000.000,- årleg i økonomiplanperioden 2024-2027, totalt 4.000.000,-.

Etablering og oppgradering av kantsikring på kommunale vegar: Det vert lagt inn 1.875.000,- i 2024, deretter 2.000.000,- årleg i perioden 2025-2027, totalt 7.875.000,- i økonomiplanperioden 2024-2027.

Kommentar til investeringar i økonomiplanperioden 2023-2027

Fordi inga prosjekt i tilstrekkeleg grad er utgreidd, er det umogleg å gjere kvalifiserte kostnadsoverslag. Økonomiplanen gjev soleis ei peikepinn på kva for bygg ein i desember 2023 vil prioritera høgast. Dette bilete kan endra seg vesentleg når utgreiingar, tilstandsrapportar og forprosjekt blir presentert for kommunestyret.

Nye bygg og anlegg

Eldrebustadar/omsorgsbustadar/sjukeheimsplassar. Kommunestyret bestiller ei forstudie av kva for behov kommunen vil ha framover som følgje av demografiutviklinga. Det mest sentrale spørsmålet er kva for type bustadar ein treng mest i kommunen.

Tysnes kraftlag har satt av kr. 500 000,- til forprosjekt Våge-Uggdal. Tysnes kommune speglar dette tilskotet.

Stjernereiso barnehage

Kommunestyret ber om at det blir gjort ei byggteknisk tilstandsrapport som blir lagt fram for tenesteutvalet første halvår 2024. På bakgrunn av resultata, vil det bli gjort ei vurdering opp mot eit forprosjekt og år for byggestart. Totalkost. 50 mill. førebels planlagt 2027/2028.

Uggdal skule

Kommunestyret ber om at det blir satt i gang eit forprosjekt for å greie ut ulike løysingar for å oppgradere Uggdal skule med garderobefasilitetar for både lærarar og elevar. Vidare at det blir utgreidd behov for praktiske rom, som til dømes sløydsal og kunst- og handtverksrom. Det må også greiast ut behovet for arbeidsplassar for lærarar, møterom og toalettfasilitetar for personalet.

Investering basseng

150 mill.

-30 mill. moms

-30 mill. spelemidler

-40 mill. eksternfinansiering

Sum kommune: 50 mill.

Eksisterande bygg og anlegg

Reduksjon i utvidinga av kontorkapasitet Rådhuset med kr. 500 000,-.

Sikkerheitstiltak/ombygging hos NAV må prioriterast.

Auke i tilskot til Vågsmarka påbygg med kr. 1 750 000,- til kr. 3 mill., med føresetnad av at det gjev seks nye plassar i Våge.

Oppgradering av grøntanlegg framfor rådhuset flyttast til 2024. Kommunestyret ber om at arbeidet blir gjort i samarbeid med Dagsenteret for psykisk utviklingshemma, for å imøtekomme deira behov for uteplass og uteaktivitet.

Eigedom, bustad og næring

Oppgradering av kommunale bustader: auke frå 1 mill. til 2. mill. pr. år. Spesielt ber ein om at gamle leilegheiter, inngangsparti og fasilitetar for dei tilsette i Haugen bufellesskap blir høgt prioritert.

Merknad kjøp av grunn: ikkje avgrensa til Sjevågen. Kommunestyret ber om ei sak der planane for Sjevågen vert utgreidd og presentert.

Enkeltinnkjøp og andre investeringar

Flytte innkjøp av brannbåt frå 2025 til 2024

Kommunale vegar

Trafikksikring etter trafikksikringsplanen aukast med kr. 2 mill. til kr. 4 mill. i perioden.

Kantsikring reduserast med kr. 900 000,- i perioden.

Tekstframlegg til budsjett 2024 og økonomiplanperioden 2024-2027

Dersom det vert ei auke i talet på sakar til barnevernet, skal kommunestyret informerast og ein skal gjere ei vurdering på å tilsette i den vakante stillinga.

Kommunestyret ber rådmannen gjere greie for situasjonen rundt tilbodet til dei som treng heimesjukepleie på natt, og om bemanninga bør aukast i denne tenesta. Utgreiinga bør også innehalde eit forslag til løysing, dersom det visar seg at situasjonen gjev eit for dårleg tilbod til dei heimebuande pasientane.

Tysnes kommune innfører funksjonar som demenskoordinator og SLT-koordinator i den nye eininga for førebygging. Innføringa av funksjonane vil ikkje ha nokon innverknad på budsjettet.

Kommunestyret ber om ei utgreiing der kravet til grunnbemanning blir satt opp mot bemanninga i barnehagane gjennom barnehagedagen. Spesielt gjeld dette høve til å ta ut den planleggingstida ein skal ha, eller om det er naudsynt å ha andre ordningar for skjerming av plantida og auka bemanning i desse timane.

Kommunestyret ber rådmannen gjere greie for korleis lovkravet om å knytte til seg psykolog blir ivareteke, og kva for konsekvensar det har at Tysnes kommune ikkje har tilsett eigen psykolog.

Kommunestyret ber om at søknad om spelemidler til ballbinge og eventuelle aktivitetsapparat til uteområdet på Uggdal skule, vert forberedt til sak om prioritering av spelemiddelsøknadar og budsjett for 2025.

Kommunestyret ber rådmannen i løpet av 2024 og før budsjettframlegg for 2025, greie ut om behovet for auke av bemanninga i Frivilligsentralen, sett opp mot handlingsplanen for Leve heile livet og rekruttering av frivillige til oppgåver i helsesektoren.

Kommunestyret ber om at det blir informert før budsjetthandsaminga for 2025 om dei høge eigenandelane i Kulturskulen gjer at elevar ikkje har råd til å delta. I tillegg ønskjer kommunestyret informasjon om kva for ordningar som finns for å hjelpe desse familiane og korleis dei blir kommunisert ut når ein lyser ut ledige plassar.

Gebyr: Kommunestyret ber rådmannen komme med ei rapport på om prisen på tryggleiksalarmar gjer at enkelte vanskelegstilte ikkje har råd til å ha alarm, og kva konsekvensar det eventuelt kan få. Dersom det er nokon som skulle hatt tryggleiksalarm, men som ikkje har råd til å leige, korleis kunne dette vore løyst?

Det finnes eit statleg tilskot til drenering og grøfting av innmark, som alle bønder kan søkje på. Det er faste satsar på kor mykje tilskot du få om søknaden blir godkjent av landbrukskontoret. Tysnes bør som fleir andre kommunar innføre eit tilskot på toppen.

Kommunestyret ber om at det blir utgreidd korleis eit slikt tilskot kan innrettast, med siktemål om ei innføring frå 2025.

Dersom det er vanskeleg å få søkjarar til stillingar som ikkje er heile stillingar, skal rådmannen leggje fram sak for kommunestyret med tanke på å auke stillingsprosenten til 100 %.

Dersom det skal kjøpast inn el-bilar til erstatning for dagens kulturbussar så bør alternative løysningar vurderast i ei eiga sak. Det ligg høve til å dispensere frå «Forskrift om utslippskrav til kjøretøy ved offentlig anskaffelse til veitransport» §4b i forskrifta, dersom tilstrekkeleg ladestruktur ikkje er tilgjengeleg.

Kommunestyret ber om ei sak der kommunens planar for utvikling av Sjevågen vert utgreidd og presentert.

Skatteøre vert sett lik høgaste sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.

I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 vert det vidareført i 2024 utskrivning av eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile Tysnes kommune.

Eigedomsskattesatsen er for 2024 på 3 promille for alle eigedomar.

Det vert ikkje innført botnfrådrag for bustaddelen av eigedommar som ikkje vert nytta til næringsverksemd i 2024.

I medhald av eigedomskatteloven § 7 bokstav b vert bygning som har historisk verdi fritatt for eigedomsskatt. Nyoppført bygning som heilt eller delvis vert brukt som bustad vert fritatt etter eigedomskatteloven § 7 bokstav c i 5 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Også tidlegare vedtekne fritak etter eigedomsskattelova § 7 bokstav a vert vidareført. Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar.

Ved taksering og utskrivning av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter, rammer og retningslinjer.

Kommunestyret vedtek satsar for gebyr og avgifter i Tysnes kommunemed verknad frå 1. januar 2024 og elles slik det går fram av følgjande vedlegg:

- a. Betalings- og husleigesatsar, opphaldsutgifter – Helse- og sosial 2024
- b. Betalingssatsar – oppvekstsektoren 2024
- c. Gebyrregulativ for området Landbruk og teknisk 2024

Kommunestyre gjer vedtak om opptak av lån i samsvar med investeringsplan for 2024. Lån på 51.065.911,- mill. vert teke opp med 30 års nedbetalingstid.

Kommunestyre gjer vedtak om opptak av lån i til vidarelån i samsvar med Husbanken sine ordningar for startlån tilsvarende kr. 12 mill. for 2024. Lån på 12 mill. vert teke opp med 30 års nedbetalingstid.

MINDRETALSFAMLEGG FRÅ H OG SP:

Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan for åra 2024-2027 med tilhøyrande tekst, og med følgjande endringar:

- a. Det skal i 2024 lagast plan på innsparing i drift på kr. 2.000.000,- som skal leggjast fram for kommunestyret til budsjetthandsaminga hausten 2024. Dette for å rusta seg for å handtere auke i gjeld i åra som kjem.
- b. Summen «6.2 Nye bygg og anlegg» til nye omsorgsbustader ved Tysnes omsorgssenter blir ståande. Før ein startar bygging skal det leggjast fram eiga sak til politisk behandling. I denne saka skal det også gjerast ei vurdering av om bustadane vil vere mogleg å utvikle i privat regi.
- c. I kapittel «6.3 Eksisterande bygg og anlegg» tek ein ut kr. 287.500,- i 2025 frå posten «Oppgradering av grøntanlegg og hovedinngang ved rådhuset»
- d. I kapittel «6.9 Kommunale vegar» tek ein ut kr. 375.000 i 2026 frå posten «Truck til lasting og lossing i Eredalen»
- e. Det tas i budsjettet for 2024 inn ei ramme for støtte til Lego League på kr. 100.000. Driftsoverskotet vert justert ned tilsvarende. Tildelinga må skje etter søknad.
- f. Barnehagane i Tysnes kommune går frå eitt hovudopptak i året til to, med verknad frå 1. januar 2024.

2. Teksttillegg:

Kommunestyret ber om at:

- a. Det vert lagt fram sak for kommunestyret der etablering av ordning for skulemat vert utgreidd. Saka skal inkludera fleire alternative løysingar der positive og negative konsekvensar er framlagt. Dette inkluderer, men er ikkje avgrensa til, endring av personell ressursar, plass, økonomi og lengde på skuledagane.
- b. Administrasjonsutvalet sett i gang eit arbeid med vurdering av behovet for auka grunnbemanning i barnehagane for å redusere sjukefråvær og vikarbruk i tenesta. I arbeidet skal også forsøksordning med vikarbank i barnehagane vurderast, der kommunen tilset fleire i faste, fulle stillingar, som ein kan nytta som vikarar ved fråvær.
- c. Administrasjonen kjem tilbake til kommunestyret med ei sak som utgreier korleis tysnesungdomane kan få eit reelt alternativ til kyrkjeleg konfirmasjon i Tysnes kommune.
- d. Administrasjonen utarbeider ein overordna tilstandsrapport av kommunale bygg, som gir kommunestyret moglegheit for å planleggje korleis midlar til vedlikehald på kommunale bygg bør prioriterast.
- e. Administrasjonen kjem tilbake med ei sak som utgreier alternativa for brannstasjon i Tysnes kommune, før midlane som er avsett i budsjett til oppgradering av dagens stasjon vert nytta. Kommunestyret ber om at det i utgreiinga vert gjort greie for kor mykje det vil koste å byggje ein ny brannstasjon, sett opp mot kor mykje det vil koste å gjere dagens brannstasjon om til ein moderne stasjon med dei fasilitetane ein ventar etter dagens standard. Saka skal inkludera fleire alternative løysingar der positive og negative konsekvensar blir presentert. Fasilitetar i ny brannstasjon inkluderer, men er ikkje avgrensa til, møte-, kontor- og treningsfasilitetar, tilrettelagt rein og skitten sone, tilrettelagte område for vask av brannbilar og utstyr, større garasje og tilstrekkeleg tilgang til vatn til brannvesenets bruk.

Skatteøre vert sett lik høgaste sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.

I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 vert det vidareført i 2024 utskriving av eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile Tysnes kommune.

Eigedomsskattesatsen er for 2024 på 3 promille for alle eigedomar.

Det vert ikkje innført botnfrådrag for bustaddelen av eigedommar som ikkje vert nytta til næringsverksemd i 2024.

I medhald av eigedomskatteloven § 7 bokstav b vert bygning som har historisk verdi fritatt for eigedomsskatt. Nyoppført bygning som heilt eller delvis vert brukt som bustad vert fritatt etter eigedomskatteloven § 7 bokstav c i 5 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Også tidlegare vedtekne fritak etter eigedomsskattelova § 7 bokstav a vert vidareført. Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar.

Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter, rammer og retningslinjer.

Kommunestyret vedtek satsar for gebyr og avgifter i Tysnes kommunemed verknad frå 1. januar 2024 og elles slik det går fram av følgjande vedlegg:

- a. Betalings- og husleigesatsar, opphaldsutgifter – Helse- og sosial 2024
- b. Betalingssatsar – oppvekstsektoren 2024
- c. Gebyrregulativ for området Landbruk og teknisk 202

Kommunestyre gjer vedtak om opptak av lån i samsvar med investeringsplan for 2024. Lån på 49.323.911 mill. vert teke opp med 30 års nedbetalingstid.

Kommunestyre gjer vedtak om opptak av lån i til vidarelån i samsvar med Husbanken sine ordningar for startlån tilsvarande kr. 12 mill for 2024. Lån på 12 mill. vert teke opp med 30 års nedbetalingstid.

